

Fra: Ole Vegard Skauge (Ole.Vegard.Skauge@hfk.no)

Sendt: 29.08.2016 17:06:18

Til: 'Vindedal, Kristi'

Kopi: 'Løvdal, Jostein'; 'Gaukstad, Even'; David J Aasen Sandved; Jostein Aksdal; Tore Slinning

Emne: Reviderte område i kart august 2016

Vedlegg:

image001.gif;kulturlandskap_hordaland_290816.zip;Eidfjord.pdf;Eidfjord_detaljkart1.pdf;Eidfjord_detaljkart2.pdf;Etne.pdf;Fitjarøyane.pdf;Fitjarøyane_detalj.pdf;Indre farleia.pdf;Landskap av kulturhistorisk interesse i Hordaland.pdf;Landskap av kulturhistorisk interesse i Hordaland_300.pdf;Rosendal.pdf

Hei.
Her er vedlagt kart over kulturlandskap i Hordaland av nasjonal interesse.
Endringar er utførte som svarar på Riksantikvaren sin tilbakemelding, dagsett 28.6.16, jf. svar i svart kursiv for dei enkelte områda.
Shapefil (høgoppløyst) av det heile er i Zip-fil. Dei andre vedlegga er i pdf-format, for rask tilgjenge. Her er oppløysinga kun 300 dpi.

Vi høyrer gjerne frå Dykk.

Med helsing,

Ole Vegard Skauge

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 57

www.hordaland.no

Kart oversendt RA 14.4.16:

Rosendal

Guddalen og Snilstveitøya er ute og måten det er løyst på er OK.

Grensa er no trekt langt ned på Melsida, slik at stølsdalen ikkje kjem med. Har dette bakgrunn i kommunes reaksjon?

Kunne vi like gjerne beholde den som i høyringa eller utvide slik at naustrekke ve utløpet av Myrdalsvatnet blir med? Kva veit du om denne naustrekka?

Melsdalen viktig stølsdal er vårt utgangspunkt.

Muradalen er beholdt inne. Også stølsdal, men her er det stølar som ikkje er med, grunngeving? Det kan sitte langt inne å utvide i høve til høyringsforslaget, men har du tankar om dette?

I siste kartavgrensinga har ein del av fjellområdet med Melderskin sentralt falle ut. Vi er enig i at det er behov for å avgrense her, men vi meiner at sikten til Melderskin er viktig for Baroniet og vil ha den inn så vidt, men avgrensa visuelt sett frå Baroniet/dalen.

Svar frå HFK:

Vi er samd i at Melsdalen er viktig stølsdal, og bør synleggjerast i kart. I utgangspunktet burde heile dalen frå synsrand til synsrand då trekkjast inn. Men dette ville være ei vesentleg utviding ut over det som er sendt på høyring, dessutan ville ein få eit spørsmål om dobbel forvaltning av verneområde. Folgefonna nasjonalpark har eit verneformål der kulturminne er teke med. Vi har difor valt å trekkje grensa opp til nasjonalparken, noko som er ei mindre utviding av arealet, men som representerer tilstrekkeleg av verdiane i Melsdalen: naustområda, Midtsætra, utmarksbeite, steingardar, og ferdaveg. Utvidinga av areal i høve til høyring håpar vi kan løysast med ei avgrensa høyring mot Kvinnerad kommune, evt. eit samråd.

Vi er også samd i at fjellmassivet Melderskin m.m. må synleggjerast i kartet som ein interesse. Vårt utgangspunkt her er at det er uråd å bestemme kor ei avgrensing skal gå etter «synsrand»-metode, her er inga klar synsrand mellom toppane. Samstundes ville ei avgrensing mot Melderskin langs grensa til nasjonalparken ikkje synleggjort det alpine, som er viktig å synleggjere i høve til opplevingsverdiane. Vi har difor valt å teikne grensa etter høgdedraga her.

Muradalen har vi teke med som eit stølsområde, ein utslått og eit landskapselement som har påverknad på ressurs-situasjonen i Rosendal. Frå Melderskinmassivet har vi fulgt landskapstypen til Malmangernuten. Alternativet, nasjonalparksgrensa, verkar litt skjematisk oppteikna, og gjev ikkje mening i vårt prosjekt.

Søre Bømlø - Hespriholmen

Dette ser i all hovudsak ok ut og i tråd med diskusjonar med kommunen, sjølv om vi er usikre på nokre detaljar i sør-aust

Dette området har vi brukt litt ulike namn på. Vi må lande det: kva med Søre-Bømlø – Hespriholmen?

Foreslår at vi sender det med slik kartavgrensing (14.4.) til kommunen for merknader.

Svar frå HFK:

Namnet Søre Bømlø-Hespriholmen er greitt.

Fitjarøyane

Vi var enige med Bømlø om avgrensinga i den kommunen og denne er nå ok.

Vi har strevd for å finne ei avgrensing på Stordøya som gjer at vi får med viktige verdiar der, men samtidig slepp å ha med nedbygde område som det gjev lita mening i å ha med.

Vår konklusjon er at vi må trekke grensa utanfor Fitjar sentrum sjølv om kongsgardar og Rimsvarden går ut. Eg ber deg trekke ei grense som vel må bli i det austlegaste sundet mot hovudøya/Fitjarvika ev med deler av Stokkeneste med, jf. kommunens påpeiking av verdifulle lyngheier her + gravrøyser?

Svar frå HFK:

Vi sluttar oss til i at Fitjar er mykje nedbygd, og kulturhistoriske samanhengar på land her ville framstå som fragment og ikkje som heilskap. Vi har difor trekt oss ut av Fitjar sentrum i tråd med Riksantikvaren sitt råd. Grensa i aust er trekt slik at tettstaden er ute av kartet, men slik at gravrøyser som viser veg langs leia er beholdt. Vi har forsøkt å minimere sjøareal i kartet.

Ytre Sørfjorden

Vi har ingen merknader til avgrensinga.

Det var dei fire kommunane vi besøkte og som vi skal ha ein utsjekk med.

Eidfjord ein kommune vi ikkje greidde å få møte med, og sidfjord har uttalt seg. Vi meiner området er for stort og ønskjer å sende dei eit redusert forslag og be om merknader.

Vårt forslag no som eg ber deg følge opp:

Hjølmodalen er ok slik vist på kart 14.4.

Måbødalen blir med opp til og med Vøringsfossen og Fossli hotell. Området derfrå og opp på vidda går ut.

Ny avgrensing mot fjorden. Læg Reidsterrassen går ut, avgrensing i elva nedanfor Eidfjordvatnet. Hæ Reidsterrassen er med, avgrensinga i underkant/nedre del av terrassekanten.

Spørsmål: Juvedalen. Kvifor med?

Grunngjeving for reduksjon: området utgjer ein for stor del av kommunens samla areal. Områdene mot vidda ved Fet - Garden er for mykje påverka av hyttebygging m.m. Læg Reidsterrassen er bebygd.

Svar frå HFK:

Eidfjord kommune har ikkje hatt innspel til høyringa. Vi er likevel samde med riksantikvaren i at området ved Fet/Garden er mykje nedbygd, og kan kome til å verte meir utbygd framover. For å unngå fragment der det skal være heilskap har vi trekt grensa for område slik at den følgjer NIJOS-landskapstypen, kring Vøringsfossen. Vi er også samde i at Læg Reidsterrassen er bebygd, og at det kartfesta området heilskapleg sett tek opp mykje areal i Eidfjord kommune. Området er difor gjort mindre kring Eidfjord sentrum, på både Hæ Reid- og Læg Reidsterrassen.

På Hæ Reidsterrassen har vi kunna trekt grensa langs kanten av terrassen utan å misse kulturhistoriske samanhengar. For Læg Reidsterrassen er biletet meir komplekst. Men ein kommunedelplan for Læg Reidsterrassen vart vedteken no i sommar 2016, og med basis i korleis kulturminne som sektorinteresse er handsama i den, har vi trekt ei grense som synleggjer kulturhistoriske samanhengar i landskapet på Læg Reidsterrassen slik at vi trur dette kan være eit godt utgangspunkt for ein dialog med Eidfjord kommune.

Etne

Også eit noko stort landskap som vi ønskjer å avgrense. I ei tidlegare kartavgrensing, 19.2.16 var vestgrensa trekt austover forbi tettstaden. Vi ønskjer at dette blir følgt opp, men her gjekk grensa i kanten av jordbrukslandskapet. Vi tenkjer at fjella bør med, men kor langt opp?

Svar frå HFK:

Sjølv om Etne kommune ikkje har merknad til utstrekninga i høyringa, er vi er samde i at området er stort. Vi har laga eit forslag som forsøker å balansere vern og utvikling i Etne. Sentrumsnære område er forsøkt teke ut, og oppover har vi fulgt elva eit stykke. Bygdeborgene i kvar ende er teke med, og viktige helleristingsfelt ved sjøen. Vi har kunne bruke ulike avgrensingar oppover i liene for kvar side av dalen. I nord følgjer vi himmelranda, i mangel på andre klare indikatorar i lia, i sør følgjer vi oftast innmarka.

Indre Sørfjorden

kartavgrensing er ok

Svar frå HFK:

Viser til telefonsamtale med Kristi Vindedal, vi har ikkje gjort endringar i kartet.

Byfjellene

Kartavgrensing er ok

Indre farlei

Avgrensinga er ok, men detaljar? (eg sjekkar ut med Even og kjem tilbake)

Svar frå HFK:

Vi har fått melding frå Riksantikvaren v/Kristi Vindedal om at Riksantikvaren ikkje har merknader til kartet her. Det er likevel gjort ei mindre endring ved Hundvin, for å fange opp litt upresis/skjematisk kartfesting på høyringa. Samla sett er arealet om lag det same.